



Eikelandet Brygge, prosjektet til Geir Rusten, går raskt framover og allereie no kan ein konstatere at det vert eit ruvande huskompleks i sjøkanten.

Med unnatak av takkonstruksjonen som skal romma hems har skjelettet av dei første 4 husa reist seg og omrisset av dei 4 neste er klart, Arbeidsgjengen frå Estland og Litauen jobbar effektivt både i kvardagar og helgar.

Målsetjinga til Rusten er å få fullført heile det rundt 60 meter lange prosjektet før neste årsskifte.

Og så er det spennande om husa som vert utfoma på naustliknande vis vert lettare å selgja enn dei funkisliknande husa som vart lansert for nokre år sidan og som ikkje slog an i marknaden.

Foto: Ola Matti Mathisen